

Arkitektkontoret 21 Elisabeth Rakner  
Leitet 1  
5018 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/865 - 23/812

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
[einar.aase@alver.kommune.no](mailto:einar.aase@alver.kommune.no)

Dato:  
04.01.2023

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknad - gbnr 239/17 Eknes ytre**

Tiltak: fritidsbustad  
Byggjestad: Gbnr: 239/17  
Tiltakshavar: Jostein Jokiel  
Ansvarleg søker: Arkitektkontoret 21 Elisabeth Rakner

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er opplyst at ein har endra fasade frå det som var godkjend ved rammeløyve. Ettersom tiltak ligg innanfor spesialområde for bevaring, vil ei slik endring medføre at dykk må søkje om endringssøknad samt dispensasjon på nytt.

Vestland fylkeskommune har i etterkant av rammeløyve gjeve ny uttale i sak. Denne følgjer her som vedlegg. Her vurderer dei at dei er positive til alternativ 1, men negative til alternativ 2 og 3. Dette inneber at kommunen kan ta søknad om igangsetting til handsaming dersom tiltak vert skissert i samsvar med alternativ 1, jf. vedlagt uttale. Dette er ettersom denne er vurdert av ansvarleg kulturmynde, medan eventuell endring av fasade vil krevje ny høyringsrunde og vurdering av tiltak i ein ny søknadsprosess.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **17.02.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

### **GENERELL INFORMASJON**

**Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innseining av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kulturmiljøfagleg fråsegn - dispensasjon frå reguleringsplan - gbnr 239/17 Eknes ytre

**Kopi til:**

Jostein Jokiel Langheiane 77 5914 ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Arkitektkontoret 21 Elisabeth Rakner Leitet 1 5018 BERGEN